



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED SKABB	
Om skabb	Skabb skuldast smitte med midd. Midden er 0,3 – 0,5 mm lang. Midden grev gangar i huden, og legg egg. Desse vert klekt som larvar etter 3-4 dagar.
Kan barnet få skabb fleire gonger?	Ja
Smittemåte	Smitten breier seg ved direkte hudkontakt av lengre varigheit, og i sjeldne tilfelle via handkle, sengekle og kle.
Symptom og teikn til smitte	Kløen startar 2 – 6 veker etter smitte, og er verst om natta og når ein sveittar. Ein kan sjå små nuppar, blemmer eller korte gangar i huden. Hudforandring er oftast/mest synleg mellom fingrar, handledd, olboge, midje, lår og genitalia.
Tiltak ved utbrot av skabb	Alle med symptom på skabb lyt kontakte lege for undersøking og behandling. Vanlege råd om handhygiene gjeld sjølv sagt! Barn skal haldast borte frå barnehagen, SFO/ skule til dagen etter behandling er starta. Nokre barn kan ha sterk kløe etter behandling og kan då ha det best heime. For å dempe kløe, prøv fyrst kortisonkrem evt. Euraxkrem. Om dette ikkje har effekt, kontakt lege. <u>Dei smitta, samt alle andre i husstanden skal behandlast.</u> Sengekle, handkle og kle som har vore i bruk må vaskast på minst 60°C. Kle som ikkje kan vaskast på 60° C leggjast vekk i minst 5 dagar. Det er ikkje behov for særskilte tiltak i barnehagen, sjølv om fleire er smitta.
Informasjon frå: https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/ https://helsenorge.no/sykdom/hud-og-har/skabb	Treng du meir informasjon ta kontakt med helsesjukepleiar eller legekontoret